

"Dobbelsats og freske fraspark"

GROVSPELL UTEN KRYSS
OG b i 5 SATSER

av Kjell Aukrust
og Asbjørn Toms



Det Norske Teatret
Sesongen 1975/76

Kjell Aukrust:

DOBBELSATS OG FRESKE FRASPARK

Tynset hadde brusfabrikk og sjukehus. Det var irritasjonsmoment for alvdølan. Heller itte la tynsettingen skjul på at toget stoppe lenger sjå døm. Jernbanerestaurangen med en skamskøten tiur var vektig argument frå såmmå hold. En skulle itte krangle lenge med en tynsetting, før'n fekk sløngt i kjeften denna severdigheta.

Kulderekorden prøvde døm au å rane te seg, enda alvdølan kunne slønge dussinvis med sprengte gradstokker i bordplata.

Nord-Østerdals lokale presse hadde tå en eller anna grunn sle seg ned på Tynset, nåe avisa bar tydeleg preg tå. Kappe en tynsetting tå seg en skarve finger, vart det fete typer i «Østerdølen», men datt Bror min ner frå meieripipa i Alvdal, gikk det upåakte hen.

Alvdølan måtte nesten begå mord før å komme i avisa. Detta vart uholdbart i lengden. Den spontane begeistringa i Alvdal da brusfabrikken på Tynset brann, må sjåes på bakgrunn tå detta.

Kampen om lederstillinga tilspisse seg. Meldte Tynset om ny mekanisk bom ved jernbaneovergangen, svårrå Alvdal med trillinger. Var tynsettingen frampå med fotballaget, sløngte alvdølan landets beste skiløpene i vektskåla. Valse tynsettingen opp med oxfordbukser på meierisalen, kvitterte Alvdal med elegante



aukrust.

Målte og studerte bygdekart for å se hvor Per Sætermyrmoen var ifra —



Holmenkollrennet ville ingen gå glipp av

handelsbetjenter med sleng i buksa, midtskill og armbandsur med sjølysende fosfortal.

Men spektakle slo først ut i lys lue da Per Sætermyrmoen vann femti'n i Kollen. Da kom gamle bygdekart fram i dagen, for Sætermyrmoen budde i «Ingenmannsland», på Fåset.

Illtre karer fra Tynset og Alvdal skræva opp, sikte og målte. Diskusjonen gjekk høylytt, bae parter høldt stedigt på sitt.

Mysteriet Sætermyrmoens hemstavsrett kan den dag i dag føre te at folk slukke lyset og sett knytnåvån i sving.

Men at statspolitibetjent Kvalheim kom te bygda onder femti'n, er djupt å beklage.

Me sei oss enig med Embret: — Ei'n itte følelse, denna kroppen?

At Oline, kjerringa hass, korse seg da Bror min kom med nyheter fra hønsehuset ei stønn ette, er au forståleg.

En kan au bebreide kua som kælvte under femti'n, og sveiser'n fra Solør som itte kunne gjør rede før seg, når'n vart opphisse med asma attåt.

At gamle Sylfest, far hass Embret, fekk att livsmotet, vise au idrettens betydning. Ære være den for det!



Tynsettingen gulpa havresuppe

En vanskeleg materie å baske med var herredsstyre-
representanten og idrettshateren Skarpjordet, men
lykkelige pennestrøk skapte følk tå han med.


Noen vil kanskje riste på hue over handlinga i «Dob-
belsats og freske fraspark» og mumle: Dette kan da
umulig ha hendt? Itte **akkurat** slik kanskje, men Per
Sætermymoen vann i allfall femti'n i Kollen på
4.07.08, – like brennsikkert som Samuelshaug'n vann
femti'n to år etterpå.


Og Samuelshaug'ns hemstavnsrett kan sjøl itte en
tynsetting dra i tvil.



Samuelshaug kom hematt med sølvtøy i sekken







OPPHAVSMANNEN

Kjell Aukrust vart fødd i 1920, i Alvdal. Kvit var hans barndoms dal, blir det hevda – med vinter i 9 månader og dårleg sleaføre i 3!

Kjell Aukrust debuterte som teiknar på Haustutstillinga i 1933. I 1946 byrja han med sine humoristiske teikningar og forteljingar, først i Mannskapsavisa og seinare i Dagbladet. I 1958 kom den første samlinga i bokform – «Simen». Dermed var det gjort. Som hans eige forlag, Helge Erichsens, seier det: «Kjell Aukrust; navnet er alt blitt legendarisk i norsk bokheim. Ja, vi kan vel si det slik, at fra det øyeblikk denne merkelige alvdølen debuterte i 1958, var bokheimen ikke lenger den samme. «Simen» utløste et skred; et skred av latter, og et tilsvarende skred av bøker. For første gang på mange år ble bøker lest i filler. Lesere var alt fra den gamle gubben som humret bak brilleglassene og kjente seg igjen – til den lille pjokken som såvidt rakk opp over bokhandlerens disk, med 10-krona i løvotten.» Det heldt fram med «Folk og fe», med «Bonden» og «Bror min». I 1961 kom «Dobbelsats og freske fraspark» på Det Norske og gjorde slutt på all tale om teaterkrise – langt over 100 framsyningar for smekkkulle hus, kritikarsuksess og publikumssuksess. Filmversjonen følgde to år etter, suksessen var ikkje mindre – Alvdal hadde i sanning plassert seg på Noregskartet!

Sidan har vi blitt presentert for Flåklypa og alle dei merkelege skapnadene som befolkar denne staden i fleire bøker – nr. 5 er relativt fersk på bokhandlardiskane. Og samstundes sett Ivo Caprinos dokkefilm «Flåklypa Grand Prix» stadig nye publikumsrekordar rundt ikring i landet – der den velkjende sykkelrepa-

ratøren Reodor Felgen, godt assistert av den like velkjende Solan Gundersen og ein ny publikumsyndling, pinnsvinet Ludvig, tar innersvingen på alle motstandarar med fartsvidunderet «Il Tempo Gigante».

Det synest som om det ingen ende tar – dersom det er sant at ein god latter forlengjer livet, må Aukrust ha mykje av skulda for Noregs høge plassering på statistikken i så måte!



Øyvind Øyen, Harald Heide Steen, Rolf Søder, Lasse Kolstad og Ragnar Olason i originaloppsetjinga. Regi: Asbjørn Toms, regi-assistent: Kjell Aukrust, scenografi: Snorre Tindberg i samarbeid med Kjell Aukrust



Ragnhild Michelsen, Einar Vaage og Henki Kolstad i filmen «Freske fraspark». Regi: Bjørn Breigutu, regiassistent: Kjell Aukrust, fotograf: Sverre Bergli

HALV METER FOR KORT

Nedanfor følger Kjell Aukrusts eiga skildring frå Alvdals-trilogien, frå hans eigen innsats som idrettsmann – i hoppbakken.

Det svimlet for oss gutter når vi i 8–9 års-alderen sto med en boks «Record» i neven. Dette kostelige klenodie av en hopp-smurning – denne mystiske eventyrlige tjærekoken som det lukta 3 x 19 og fenomenale bakkerekorder av.

Dette var før Thorleif Schjelderup, Hyvärinen og Andreas Däscher hengte seg opp i sveitsiske vindtunneler med handa på bak-lomma.


Det var i den tida Birger raserte premiebordene, hvor på kloden disse måtte befinne seg; – i den tida da vi innøvde Kongsberg-knekken over kjøkkentaburetten, og det var morosamt å være nordmann!

I disse så historiske år var det jeg hoppa 29,5 meter i Sandegg-bakken. Nye ski, med tre renner under, skulle det bli så fremt jeg la på til 30.

Jeg satte omgående i gang med tørrtreningen hjemme på diva-nen. Her dobbeltsatset jeg så det sang i divanfjærene. Mine fjellstøe nedslag klirra i buffe'n.

En søndag i januar skulle rekordhoppet omsettes i praksis. Tida ble grundig nyttet til omhyggelig preparering av skiene. Dette foregikk på kjøkkenet. Kvinnfolka fikk seg en alvorlig lek-sjon i hoppsmøringens aller dypeste mysterier. Her ble stryke-jern, kokeplater og alle tenkelige hjelpemidler tatt i bruk. Mel-lom strøkene dobbeltsatset jeg på divanen i stua.

Natten til søndag ble urolig. Rett som det var måtte jeg ned på kontoret og titte på gradestokken. Ute på gangen var det guds



jammerlig kaldt. Det svei under føttene, så jeg akte rekkverket ned. Kontorvinduet var tilrimt og måtte skrapes med neglene til gradestokken hang der — minus 30 grader! Månen hang gul og frostblek på vesthimmelen. En frossen katt hastet trolsk og svart inn i låveskyggen. På den andre siden av elva lå Sandeggbakken i blåsvarte Baugsberg-skyggen, ruvende og ventende.

Påkledningen om morgenen foregikk kloss opp til ovnen. Alle hjalp til. Først på med underbuksa, så noen nummer av «Nationen» foran og bak, deretter ei ny underbukse over dette for å holde det på plass. To par strømper, to par raggsokker, to gensere med «Nationens» julenummer foran og «Østlendingen» på ryggen. To par votter, djevelue, skinnlue og langt skjerf på toppen.

Det var særdeles vanskelig å bevege seg. Det rasla i innpakningen når jeg pusta.

Jeg måtte på do —

Det var et svare strev. Nervøsiteten var stigende og magen i full oppløsning.


Tredje gangen jeg måtte, ble far sterkt irritert.

Snoen lå sur over Glåma, frostrøyken sto som ei yre når vi pusta. Fars briller dogget. Bartene var rimete som vidjekratt. Det gniksa og gneltra tørt og kaldt for hvert stavgang som brakte oss nærmere Sandeggbakken — den lå blåfrossen og nifs foran oss.

Det tok en evighet å trække opp i dag. — Vel oppe ved stillaset så jeg far stå som en annen nordpolsfarer og rake hoppet der nede. Frostrøyken drev nifst ut av'n for hvert tak. Det så uhyggelig ut.

Rundt meg i snøen sto det okergule kremmerhus, satt der av mer eller mindre nervøse hoppere. — Jeg tissa kjekt ned i det aller største, for her hadde sikkert Per Samuelshaug konsentrert seg.

Utrolig hvor slikt hjelper.



— Å klatre oppover et høyt stillas med is-svuller i trinna og mye papir rundt kroppen er nifst nok. Først der oppe så jeg det hasardiøse i foretakendet.

Bygda lå kvit og vakker og alt det der som får tankene til å kretse om det ene: Ser jeg min barndoms hvite dal, etter hoppet?

Jeg bendte meg forover i avisen og sparket på meg skia. Hjertet dunket bak «Nationen», dette måtte høres lang vei.

Nede på dommertribunen sto far trygt i saueskinnspløsen — avventende.

— Er'e klart! skriker jeg og blir fælen over min egen stemme som lyder hult utover avgrunnen.

— Ja, kommer det fra saueskinnet der nede.

— I farta! roper jeg og blir stående.

Herregud noe så uhyggelig! Jeg må tisse igjen.

Nå roper det irritert opp til meg fra dommertribunen:

— Nå får du komme da gutt!

— Er'e klart'a far?

— Ja, det er klart!

— Det er itte for hardt neri unnarenne' da trur'u?

— Nei!

— Det er itte før mye sprett på hoppe' 'a far?

— Langt der ifra!

— Det blæs oppå her!

— Ikke her nede, bare kom gutt!

— Ja, i farta da — jeg ber til Gud og lar det stå til. Jeg raser nedover stillaset, der kommer hoppkanten farende mot meg, tårene triller som erter. Å nei, å nei, at jeg skulle finne på dette.

— Det bærer rett ut i vær og vind. Skiflisene får et blaff over kulen. — Jeg fekter avsindig med armene. — Kroppen er ubøyelig i alt papiret, det frater og knitrer i emballasjen under genserne. — Jeg gir opp med et gisp, blinder øya og smeller i bakken så avisene fyker. Først nede i overgangen stilner det hele av. Far kommer akende nedover.


— Dette så stygt ut det Kjell!

— Å langt var'e a? stønner jeg.

— Til den øverste «Nationen».

— Langt er det'a?

— Det er niogtjue og en halv det — sa far.



”Dobbelsats og freske fraspark”

Grovspell uten kryss og b i 5 satser
av **KJELL AUKRUST** og **ASBJØRN TOMS**

Regi: ASBJØRN TOMS
Scenografi: DAG FROGNER

Inspisient og turnéleiar: EGIL ROLLAND
Rekvisitør: ANNE LINE IVERSEN
Sufflør: SISSEL LILLO-STENBERG
Scenemeister: JOSEF VALKO
Lysmeister: TERJE LARSEN

Turnépremiere på Hamar 19. januar 1976

Ein pause

Programredaksjon: Halldis Hoaas
Foto: Sturlason
Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

«Du vil da itte at den gamle far din skulle få den seg at'n sto med osmorte ski, væ?»

**Embret Trondsbakken
Oline, kona hans
Sylfest, bessfar
Ollvar Sjulus
Martin Gaukerud
Jostein Kaldsvettrøen
Even Fjæringsgjelten
Bror min
Bonden**

**Ordføraren
Torgrim Skarpjordet
Berit Gaukerud
Berte Sjulus
Rønnaug Fjæringsgjelten
Målfrid Kaldsvettrøen
Jordmora
Sveisaren
Handelsbetjenten }**



skamma over

ALF MALLAND
RAGNHILD HILT
ØYVIND ØYEN
ERIK ØKSNES
RAGNAR OLASON
TORGEIR FONNLID
EINAR WENES
TORBJØRN TOMS/ERIK SOLBERG
IVAR EMIL TINDBERG/
BJØRN BERNHARD OLSEN
SVERRE WILBERG
JOHANNES ECKHOFF
KARIN HELENE HAUGEN
JULIE ØKSNES
EVA SOLBAKKEN
RAGNHILD NYGAARD
JULIE ØKSNES
SVERRE WILBERG

Olav Dalgard:

DET NORSKE TEATRET OG FOLKEKOMEDIEN

Å definere omgrepet folkekomedie som dramatisk genre byr på store vanskar. Først og fremst avdi at omgrepet «folk» kan ha så mange og ulike tydingar. I teaterhistoria blir ordet til vanleg brukt om ein viss type «lette» skodespel som hentar emne frå folkelivet og nyttar desse i meir eller mindre farsestil. Men kvaliteten kan skifte mye — frå Holbergs «Jeppe» til den unge Ibsens «eventyrkomedie», «Sankthansnatten», og i nyare tid Oskar Wennerstens «Brøderna Østermans huskors» eller Torvald Tus «Kjærleik på Lykteland». Det er den siste typen eg skal komme litt inn på her i samband med reprisen på Alvdal-komedien «Dobbelsats og freske fraspark» av Kjell Aukrust og Asbjørn Toms.

I det første tiåret, 1913–23, førte Det Norske Teatret ein dagleg kamp for tilværet som tvinga teatersjefane til å nytte alle hjelperåder for å halde båten flytande. Det som med kvart gjorde det mogleg var heilt enkelt folkekomedien, og da særleg den danske, svenske og norske versjonen av denne. Alt første året hadde teatret fire typiske folkestykke på programmet: Ivar Aasens «Ervingen», Hulda Garborgs «Rationelt fjøsstell», Olav Hoprekstads «Friarar» og Gustaf af Geijerstams «Lars-Anders og Jan-Anders». — Menneskeskildringa må kallast «ytleg» i alle desse, men dei hadde alle bak låtten ein folkeoppsedande tendens. Dei var ikkje ««blott til lyst», sjøl om dette var



Lars Tvinde og Johanne Bruhn i «Bolettes bryllaupsferd»

ei viktig side ved dei. Syngespelet «Ervingen» fekk jo med tida rang som eit programstykkje for heile den nynorske språk- og kulturrørsla. — Litt høgare «litterære» krav stelte Jeppe Aakjær seg i «Når bønder elsker» og Vilhelm Krag i «Jomfru Trufast» — som forfattaren fekk mye kjeft for at han let «målteatret» spele av riksmålsfanatarane.

Ein kan altså skilje mellom folkekomedie «med meining» og den som berre appellerer til lattermusklane. Til siste slaget hørte den danske «Bolettes bryllaupsferd» av Henrik Malberg og Orla Bock i 1916. Men just i denne skulle den skodespelaren som med kvart vart den berande i dei fleste folkekomediane teatret spela nå frametter, Lars Tvinde, få sitt gjennombrøt, som den tragikomiske «bygdeoriginalen» Tuppe-Morten. Med denne fantasifiguren forma i dyreskapnad — som Tvinde fekk idéen til tidleg ein morgon da han på turné i ein provinsby vart vekt med hane-galing — tok den unge skodespelaren eit steg i det villniset som til vanleg blir karakterisert som «vill farse», og som i Tvindes samtid, med sine krav på «sann realisme» hadde vanskeleg for å anerkjenne som kunst. Men som vi teaterhistorikarar veit hører med til det eldste folkelege urteatret. — Snart fekk Tvinde ein kvinneleg medspelar som meistra samme antirealistiske karikaturstilen, Mally Haaland. Når desse to spela sammen så var det lått og leven i salen i ein køyr. Av ymse grunnar skjedde ikkje dette så ofte, m.a., vil eg tru, ut i frå den gamle teaterroyndommen som seier at «to klovnar på scenen er ein for mye». (Er det ikkje Jon Leirfall som har sagt at



Johanne Bruhn, Amund Rydland, Lars Tvinde, Pehr Qværnstrøm, Helga Rydland, Nils Hald og Ragnhild Hald i «Bröderna Östermans huskors»



«det er ikkje plass for meir enn ein humorist om gongen i det norske Stortinget»?)


Det var «Brødrene Østermann», med premiere andre juledag 1919, som skapte gjennombrøtet for Det Norske Teatret som hovudstadens fremste og eigentlege «folketeater». Med Tvinde, Pehr Qværnstrøm og Amund Rydland som dei tre gamle ungkarane, og den fjonge Johanne Bruhn som tenestejenta frå byen med vett og mynde til å lage «svingom i bondeskikken», slo framsyninga slik i gjennom «målmuren» at den trekte fulle hus godt og vel eit år – halvparten av sesongen på turnéar landet rundt.

Etter denne langsuksessen følgde i 1922 ein tilsvarende, om enn i mindre målestokk, med «Ljugar-Lars» av Fred. Lindholm og med Tvinde i tittelrolla. Den første norske freistnaden i denne genren, var «Bygdefiff» av Sigurd Eldegard, som i 1905 hadde fått framført første folkekomedien Nationalteatret opna portane sin for, eventyrspølet «Fossegrimen», og gjorde stor furore med, både nå, og med sine mange oppføringar på samtlege norske teater, to gonger på Det Norske.

I «Bygdefiff» var det, i motsetning til tendensen i «Østermann», bygdefolk som lo til narraktige byfolk, mens Ove Ansteinsson i «Hu Dagmar» delte låtten så passeleg mellom land og by. – Største produsenten av folkekomediar utan anna siktemål enn å more, var jærbuen Torvald Tu. Både «Friarleik på Liland» (1929) og «Kjærleik på Lykteland» (1924) var tufta på bygdehumoren, og Tu hadde for så vidt mye sams med Kjell Aukrust, som òg held seg strengt innafor bygdegrensene med sin Alvdal-humor. Å overføre denne til landsplan byr på mange vanskar, ikkje minst for teatret. Både språkleg og når det gjeld «mentaliteten», – og det er vel inga menneskeleg uttrykksform som byr på så mange lokale særmerke som just humoren. Her gjekk Alf Prøysen dristig ut med sin reine Hedemark-dialekt, og sigra stort med den, på teatret med «Trost i taklampa (dramatisert av Asbjørn Toms), som nok er den beste folkekomedien Det Norske Teatret har hatt etter siste krigen.

Det er vanskeleg å dra opp grenser mellom den litterære og den ulitterære folkekomedien. Til første kategorien hører Peter Egges, Vilhelm Krags og Oskar Braatens fleste skodespel. På grenselina ligg stykke som «Den store barnedåpen» til Braaten og Stein Balstads storsuksess, «Sportsdilla» frå 30-åra. Det var i den siste Mally Haaland laga sine meisterlege stavsprang med riveskafte for å erte «sportsidioten» Nils







Tordis Maurstad i «Hu Dagmar»



Mally Haaland i «Sportsdilla»

Hald. — Som ein vil skjønne er det nær kontakt og mye likskap mellom Balstad og Aukrust i deira oppgjer med sporten som tidsfenomen. Men Aukrust-Toms er nok i sin «Dobbelsats og freske fraspark» meir på line med dagens ungdom, som både i bygd og by dyrkar sporten både som tevling om rekordane og som folkeforlystelse, — ikkje minst det siste har bygdefolk trong etter nå til dags, når det har gått så sterkt tilbake med både tre-dagars-brøllopp og auk-sjonar i stil med dei farbror Olav Aukrust skildra i sin vidgjetne «Aksjon på Tande».

Vi kan til slutt slå fast at folkekomedien har synt teikn på fornying siste åra, både når det gjeld interessa for dei gamle, og nye tiltak som har vore gjort av våre yngste teater. Særleg har Hålogaland Teater med sine sjøllaga «distriktstykke» synt at det ingen motstand treng vere mellom lokal bygdehumor og aktuell sosial tendens, at just «alvor sagt med ein spøk» kan ha meir reformatorisk kraft enn gravalvoret og den oppstrekte peikefingeren. — Eller som fader Holberg sa det: «Nogen siger sandheden frysende, andre le-ende, begge sigter ad forskjellige veje til det samme mål.»

SLIK VAR'N KJELL ...

Slik lyder tittelen på ei bok som kom i fjor, skriven av Ingjald Hoel. Han var fylkesagronom, og kjende så vel Kjell som Simen, Bonden, Bror min og dei andre frå barnsbein av. Mange har dytta på for å få han til å skrive ned inntrykk og minner om n'Kjell – og til slutt vart altså historiene samla mellom to permer. Vi har saksa eit lite avsnitt frå boka:

Så kom turen til Kjell, og det ble en opplesning som det går gjetord om i bygda den dag i dag.

Han drog fram det krøllete barnebladet fra jakkelomma og gav på det første og beste han fant, og råkete på en fortsettelsesfortelling om en gutt som var ute på mange eventyr og hadde ei merr som han kalte Borka. Men Kjell syntes det stod broka, og det leste han.

Bror min skjønnte straks at dette bar borti otaheiti og smøg seg ut kjøkkenveien.

«Ein dag,» doserte Kjell, «skulle Ola ganga i skogen der trollkjerringa budde. Men fyrst måtte han løysa broka. Og innover i skogen var det so fagert. Fuglane song og sola skein, so då han hadde fare ei stund vart han både svolten og trøyt, for det leita på både han og broka. Då sette Ola seg på ein grøn, fin stad, tok fram nista og åt seg god og mett. Etterpå la han seg i sola og sov både lenge og vel. Men då det tok til å kome ymse ljosdar frå broka vakna han brått ...»

Folk ble større og større i øya, og forstander Gudlaug stiltra seg oppover til kateteret der Kjell stod og dura i vei, og titta i teksten. Da måtte hun le så tårene trillet: «Ja du Kjell, du Kjell, det står Borka, itte broka. Det er en hest jo.»

Kjell syntes alt ramla: «Å er det en hest?» Og han ble så liten og fattig ... å Herre Gud. Kjell ønsket det hadde vært høl i golvet så han kunne fått gjømt seg.

Men da kom applausen som en dunder gjennom gamle Ljosheim og ville ikke stilne igjen. Noen ville tilmed høre om broka da capo. Men det ville forstanderen ikke. Hun var en klok dame, en suksess bør ikke gjentas.



Basar på Meierisalen





Members of the club sitting at the dining table, with the table set with coffee, tea, and other refreshments.



SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Hovudscenen

Josef og Karel Capek: INSEKTLIV

Capek-brørne nyttar ein parabel for å fortelje oss om menneska og tilhøva dei imellom: insekt - verda — fivreliden med sin lystige, erotiske leik, den store maurkrigen, der dei marsjerande mot einannan knusar og et alt dei møter på sin veg. Stykket vart skriva i 1922, men temaet er diverre like aktuelt framleis. Det Norske spela stykket med stor suksess i 1947, no har vi henta instruktør, Zdenek Kaloc, scenograf, Albert Prazak, og komponist, Zdenek Pololanik, frå Tsjekkoslovakia for å gi oss ei ny tolking av det tidlause spelet. På rollelista står Lasse Kolstad, Anita Rummelhoff, Ulrikke Greve, Bjørn Floberg, Odd Furøy, Are Storstein, Anne Lise Tangstad, Bjørn Jensen, Johan Kjelsberg, Trini Lund, Dag Sandvik, Unn Vibeke Hol og Øvind Blunck.

Paul Foster: ELIZABETH I

Amerikanaren Paul Foster har sitt teater-opphav Off-off-Broadway, og blir rekna som ein av dei fremste blant nyare amerikanske dramatikarar. Merkeleg nok har han aldri blitt spela her til lands — før no. I «Elizabeth I» er det ein skodespelartrupp på Shakespeares tid som fører fram spelet om den store dronninga — og det er burlesk og frodig, lyrisk og grovt. Blømande renessanseskuplettar vekslar med velvalde anakronismar, heile tida i ei leikande og utfordrande teaterform. Og i røynda er det eit spel om makt! Ingebjørg Sem set i scene med Arne Walentin som scenograf, og skodespelarane i spelet er Bab Christensen, Britt Langlie, Elisabeth Bang, Astrid Sommer, Pål Skjønberg, Ingolf Rogde, Harald Heide Steen, Wilfred Breistrand, Odd-Jan Sandsdalen, Tom Tellefsen og Magnus Tveit. Først i mars blir det premiere.

Kjell Aukrust/Asbjørn Toms: DOBBELSATS OG FRESKE FRASPARK

Det er mange år no sidan striden om Per Sætermyrmoens heimstadsrett etter sigeren på 5-mila fekk latteren til å runge i Stortingsgata — vi ønskjer dei aukrustske avldølar hjarteleg velkomne attende! «Aukrust,» skreiv Skagestad i programmet førre gongen, «er eksponent for norsk bygdehumor på det mest barokke, ein humor som nærmar seg farsen, men likevel botnar i uvanleg realisme og observasjonsevne. Det må ha vore ein vaken gut som gjekk der oppe i Alvdal midt i 30-åra, med øyro og augo på stilk, og alt guten såg og opplevde er eit rikt råmateriale som berre ynglar di meir humoristen og teiknaren Aukrust auser av det.» Vi trur møtet med Embret og Sylfest, Bonden og Bror min og alle dei andre kjende og kjære figurane vil setje gapskratten i gang no som før! Asbjørn Toms har regien denne gongen òg, Dag Frogner er scenograf.

For barna:

ASKEPOTT

Runar Borge, ein av suksessmennene bak «Cirkus fem», er idé og tekstansvarleg for denne frie omarbeidinga av Grimm-brørnes klas-siske eventyr. Han fabulerer spenstig kring temaet — her er mykje humor, fine viser, sprelske koreografiske situasjonar. Stykket er ei utfordring til fantasiliv og leikeglede.

Tor Hultin har komponert musikken, Snorre Tindberg har laga de-koren, Randi Skahjem kostyma. Runar Borge sjølv har regi og koreografi. På rollelista står Ann Marie Nøddelund, Anita Rummel-hoff, Brit Elisabeth Haagenslie, Trini Lund, Dag Sandvik, Elsa Ise-fiær, Leif R. Bjørneseth, Birgitta Revold, Ragnar Dyresen, Svenn Berglund, Tove Edwards, Nina Harte, Roy Lindquist.

På Scene 2:

KVISKRING I VIND

er ein kammer-musical av amerikanarane John B. Kuntz og Lor Crane, omsett av Hartvig Kiran til norske tilhøve. I kjapt skiftande episodar følgjer vi ein gjennomsnittsgut frå foreldra møtest og stiftar familie til han sjølv blir forelska og skal gifte seg — sirkelen er slutta, eit nytt liv kan ta til. Komikk og alvor, sketsjar og viser vekslar om å vise oss vegen hans gjennom livet — tilhøvet til foreldra, skolen, kameratane, prestasjonspresset, konfliktane, møtet med storbyen, einsemda, forelskinga. Musikken er lyrisk beat, på rollelista står Andreas Kolstad, Lars Klevstrand, Inger Lise Rypdal, Tone Ringen og Magne Lindholm. Runar Borge har regi og koreografi.

HULDA GARBORG-PROGRAM

Hulda Garborg var ei kvinne med vidgreinte interesser, aktiv og vaken og med kraft til noko anna og meir enn å vere diktarkone. Ho skreiv sjølv òg — og det kan sakte vere på tide at det teatret ho skipa, heidrar henne med ein kveld vidd henne åleine. Tekstene er samansette av Halldis Moren Vesaas, og ho skal saman med m. a. Tordis Maurstad og Eva Sletto framføre dei og. Siri Rom er regionsvarleg, og premieren kjem midt i februar.

Per Olov Enquist: TRIBADERNAS NATT

Den svenske forfattaren debuterer som dramatkar med eit smell — førsteoppføringa av stykket på Dramaten i haust vart ein siger for så vel forfattar som teater. Vi er på Dagmar-teatret i København i mars 1889, der det er prøve på «Den sterkaste» av August Strindberg. Til stades er Strindberg sjølv (Odd Furøy), kona hans, skodespelarinna Siri von Essen (Wenche Medbøe), hennar lesbiske venninne Caroline Marie David (ikkje klart), og den danske skodespelaren Viggo Schiwe (Johan Kjelsberg). Enquist vil ta ned den monumentale, gigantiske Strindberg til eit meir jordnært og menneskelig plan, og byggjer for ein stor del på Strindbergs private brev. Samstundes blir stykket eit oppgjør med dei kjønnsrol-lene samfunnet påtvingar oss — eit problem den uhyggjeleg kjenslevare Strindberg i høg grad var merksam på, jamvel om han ikkje greidde hanskast med det i alle høve. Jon Heggedal har regien, Einar Dahl er scenograf, og premiere blir det midt i mars.



10g163438